

Grunneigarar av fellesområde Akstadneset, garden Haugland

Radøy Kommune

Bøvågen 12 jan. 2018

Innspel til høyring, kommunedelplan Bø 2017

GENERELLT OM PLANEN

Generellt er planen for liten i utstrekning og skulle ha omfatta områder der dei som sokna til Bø vert med, her tenkt barnehage, skule, idrettshall og liknande. Planen bør omfatta område frå Kvalheim i sør, Bøneset, Rikstad i nord og forbi Lommetjørna i aust.

Når planen omfattar eit så lite areal og ein må framtinga alle typar områder vert det stykkevis og delt med så mange små parsellar. Der det er enkelt å dyrka er det foreslått bustadområde og stader kor ein kan/vil byggja er det foreslått LNF/NA område.

Dersom ein skal få auka vekst i Bø-grenda må ein stimulera til dette ved å leggja ut bustadområde der folk vil busetja seg og ikkje nede i myrdjupe søkk mellom radane slik som det er delvis i B03 og B04. Alternativet til dette kan vera i Bøgjerde og sørover på austsida av Hauglandsvatnet/Storavatnet.

Det er opna for fortetting i eksisterande bustadområde. Dette er ei negativ vinkling og ikkje naudsynt då her er store areal å byggja ut. Ein må gjera det atraktivt slik at folk vil flytta til Bø.

Det er ein trend i tida at folk skal ut å gå tur. Dette er sjølvsagt positivt og kommunen går føre med et godt eksempel med alle turløyper som er tilrettelagt over heile øya. Men en kan ikkje gå tur over alt slik utgreiinga til Asplan viak legg til grunn. Til dømes NA03, der en skal bruke eit område med gamle tråkk med hevd over dyrkbar mark som nye turstiger. Dette gjeld tråkk som blir brukt som tilkomst til sjøbruket, som er uaktuelle som turstiger og lite egna pga framkomelegheit og hellingsgrad.

Det er bygd hytter/tun fleire stader med godkjenning frå kommunen der store inngrep er gjort heilt i strandsona, med sprenging, muring og flytebrygger. Skal dette gjelda berre nokon, eller er det likheit for lova som skal gjelde? Ein tenkjer her på gamle hevder som på Akstadneset der det har vert drevet sjøbruk sidan 1700 talet. Vidare kan ein ikkje koma i frå at så lengje ein bur på ei øy må ein rekna med å måtta bruka strandsona. Fortettingar må med andre ord brukast i strandsona og leggja til rette for større naustområde og båthavner.

Ein har forståing for at endring av størrelse på planen kan føra til forseinkingar. Men det er betre med ein sein plan enn ein som ingen vil ha. Kva med planar for vegar, fortau, fartsgrenser, gatelys, vann/kloakk, sett i samanheng med delplanen? Desse planane må stadig omvølas dersom ein ikkje har ein overordna plan for dette.

Det er folket som lagar liv i ei bygd og kommunen skal hjelpa til med det. Grunneigarar/bebuarar skulle ha vore tatt med i dialog på eit langt tidlegare tidspunkt.

AKSTADNESET

Grunneigarar på Haugland vil med dette ta for seg felleseiga Akstadneset.

Felleseiga har vert brukt sidan tidleg på 1700 talet og ved utskifting i 1888 vart det tinglyst at bruk av Akstadneset skulle fortsetta som tidlegare. Nokon bruk hadde naust og det var et felles nothus.

Det blei bygd veg på vestsida av Akstadneset i 1982-1983. Det er å merka seg at vegen ikkje kjem fram i kartet til planen, så her kan det sjå ut som uberørt natur. Heller ikkje tomt som er opparbeid yst på vestsida og eksisterande naust er med, noko som gjer at plan og plankart ikkje vert riktig. Etter at vegen vart bygd er fleire naust vorte omvølt og nye bygd. Fellesskapet er aktivt, fungerer godt og alle har sin ideelle part for naust, bil o. l.

Før vegen ned til Hauglandsvågen vart bygd var tilkomsten på tråkk på Akstadneset og innst på Skarneset. Dette er tråkk over annen manns eigedom som berre dei med hevd kan nytta til sjøbruket. Asplan viak har i sitt forslag at dette skal nyttast som NA område med turstier. Det vert ikkje å akseptera at ein opnar for tråkk over dyrka mark eller gjennom hagar og tun for ålmennheita. Det er nevnt at hellingsgrad over 25 er lite eigna som framkommelig område, noko som store deler av Akstadneset består av. Vegen til Hauglandsvågen er ein privat veg og vil ikkje verta opna for ålmenn ferdsel.

Det er i planskildringa for kommunedelplanen skreve om privatrettlege bindingar frå gamalt av og at desse rettane framleis skal haldast i hevd. Dette gjeld vegrettar, naustrettar, buføringsrettar, torvrettar og liknande.

INNSPEL

Vi vil at naustområdet N01, Akstadneset skal gjelda heile fellesområde for Haugland (både aust og vestsida av neset) slik det var i tidlegare plan og slik dei har vore frå gamalt av.

Vidare at parkeringsplass f P01 i Hauglandsvågen vert merka som privat, felles parkering og båtopstillingsplass.

For eigarar av fellesområde Akstadneset i garden Haugland g.nr. 25 br.nr:

1-2-3-4-5-6-7-8-10-11-13-14-41(9)-46(16)-79(12)-107(17)

Arne S. Haugland